

# Kyrkjevalet 2023



## Nr. 7.9.4:

## Rettleiing for førehandsstemming med veljar busett utanfor soknet

### Skrive ut stemmesetlar

1. Finn bispedømet og soknet til veljaren. Det kan gjerast ved å søke opp veljaren i manntalsøket i valmodulen.
  - a. Dersom veljaren er registrert i **anna sokn i eige bispedøme** (eller ikkje vil stemme ved val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet), skal ein laste ned stemmesetel for soknerådsval frå kyrkjevalet.no. Stemmesetlar for val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet ligg i valavlukket.
  - b. Dersom veljaren er registrert i **anna sokn i andre bispedøme**, skal ein laste ned stemmesetlar til både soknerådsval og val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet frå kyrkjevalet.no.
  - c. Ved val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet er det viktig å skrive ut eit sett med stemmesetlar; **stemmesetlar for alle listene til val og ein blank stemmesetel**, på likt papir.
  - d. Stemmesetel for val av sokneråd skal skrivast ut på **kvitt papir**. Stemmesetel for val av bispedømeråd/Kyrkjemøtet skal skrivast ut på **farga papir** (helst grønt).
  - e. Gi stemmesetelen/settet med stemmesetlar til veljaren og be vedkomande ta med seg dei ubrukne stemmesetlane. Dette for å sikre hemmeleg val.
  - f. Dersom det oppstår problem med å skrive ut stemmesetlar, kan ein bruka eit kvitt ark. Sjå rettleiing på neste side.
2. Vis veljaren inn i avlukket.

### Viktig

Dei same reglane for førehandsstemming gjeld:

- Veljaren skal kunne velje stemmesetel og gjere endringar i einerom og usett.
- To stemmemottakarar skal vere til stades.
- Gi instruksjon for stemming og korleis stemmesetelen kan endrast.
- Dersom veljaren berre vil stemme ved eitt val, kan vedkomande ikkje kome tilbake seinare og stemme ved det andre valet.

Veljarar som kjem etter 1. september, må visast til eige sokn for å stemme. Unntaket er viss dei aktuelle veljarane kjem frå eit sokn som inngår i ei felles ordning for førehandsstemming i høvesvis same fellesrådsområde eller prosti.

### Mottak

Som ved ordinær førehandsstemming skal stemmesetelen brettast og blir stempla. Det skal ikkje kryssast i manntalet.

3. Kontroller legitimasjonen til veljaren.
4. Stemple stemmesetlane.
5. Be veljaren leggje stemmesetlane i kvar sin **stemmesetelkonvolutt** og lime igjen. Val til sokneråd skal i kvit konvolutt, val til bispedømeråd/Kyrkjemøtet skal i farga konvolutt.
6. Valfunksjonær legg **stemmesetelkonvolutt** i ein **omslagskonvolutt**. **Veljaren skal sjølv** skrive namn, fødselsdato og manntalsregistrert adresse på omslagskonvolutten.
7. Valfunksjonær signerer på omslagskonvolutten og skriv dato, tid og stad for stemminga.
8. Valfunksjonæren fører opp førehandsstemming i Skjema 7.9.4: Liste over mottekne førehandsstemmer – vidaresending til andre sokn (vedlegg til protokollen til valstyret).



Valg Valgesen f. 29.02.1982  
Urvegata 12  
3666 VALGBY

25/08-2025, kl 14.28, Valgby kirkekontor  
Stemmulf Stemmesen

#### Omslagskonvolutt:

Veljaren skriv namn, fødselsdato og adresse.  
Valfunksjonær signerer og skriv dato, tid og stad.

#### Sending

Omslagskonvolutten blir sendt til bustadsoknet  
i ein eigen **sendingskonvolutt** så snart som mogleg.  
Adresse finst i soknesøket på kyrkja.no.

#### Får ikkje skrive ut stemmesetlar

Dersom ein ikkje får skrive ut stemmesetlar,  
kan ein bruke eit blankt, kvitt ark. Der skriv  
veljaren «Val av NN sokneråd 2023» eller  
«Val av leke medlemmer til NN bispedømeråd  
og Kyrkjemøtet 2023», i tillegg til den lista  
som veljaren vil stemme på. Dersom veljaren  
vil endre på stemmesetelen, kan veljaren skrive  
opp dei kandidatane vedkomande ønskjer å gi  
ei personstemme og markera med eit kryss  
ved sida av namnet.

#### Rett til hjelp

Veljarar som på grunn av psykisk eller fysisk  
funksjonsnedsetjing ikkje kan stemme åleine,  
kan etter eige ønske få hjelp av ein stemmemottakar  
eller ein annan person veljaren sjølv peiker ut.



DEN NORSKE KYRKJA